



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Pb 5091

0301 OSLO

SAKSBEHANDLAR: ALF ERIK RØYRVIK ARKIVKODE: 2016/879 -

DATO: 15.03.2016

**NAUSTDAL-GJENGEDAL VERNEOMRÅDESTYRE - HØRINGSFRÅSEGN TIL SESSAELVA KRAFTVERK - SAKSNUMMER 201301363**

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre viser til søknad om konsesjon til Ommedal kraftverk i Gloppen.

Utbygginga det er søkt om ligg godt utanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Ingen av dei omsøkte inngrepa ligg innanfor grensa til verneområdet, og verneområdestyret har soleis ikkje nokon formell rolle i denne saka.

Det er likevel slik at eit tiltak utanfor eit verneområde kan påverke naturverdiar og verneverdiar innanfor verneområdet. Dette kan til dømes vere dersom inngrep utanfor verneområdet vert veldig synlege og skjemmande i terrenget, og soleis reduserer verdien av friluftsopplevingar i verneområdet.

I denne søknaden er det lagt opp inntak i Sessagjølet om lag 400 høgdemeter nedanfor grensa til landskapsvernområdet. Inntaksarrangementet vert truleg ikkje særleg synleg eller skjemmande frå verneområdet. Vassvegen skal gå i fjell og vert ikkje synleg. Vassføringa i Sessaelva vert sjølvsagt redusert, men det er truleg ikkje muleg å sjå frå verneområdet. Utbyggingsområdet er ikkje særleg brukt som innfallsport til verneområdet, og etter det verneområdeforvaltninga kjenner til er området heller ikkje særleg mykje brukt som turområde i andre samanhengar.

Det er ikkje sannsynleg at utbygginga vil ha nokon negativ verknad for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har ikkje andre merknader til søknaden.

Beste helsing

Håkon Myrvang (sign.)  
styreleiar

Alf Erik Røyrvik (sign.)  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*